

Kunngjering av tilskot til arbeid med Artsobservasjoner

Artsdatabanken si viktigaste oppgåve er å forsyne samfunnet med oppdatert og lett tilgjengeleg kunnskap om naturtypar, arter og populasjonar. Artsdatabanken har etablert rapportssystemet Artsobservasjoner som gjer det mogleg for frivillige å delta i kartlegging av arter. Målsetjinga med Artsobservasjoner er å styrkje dokumentasjonen av artene i landet, både førekomstar, utbreiing og tettleik. For å oppnå målsetjinga er det naudsynt å sikre frivillig engasjement og deltaking ved eit samarbeid med frivillige organisasjonar. Tilskotet rettar seg mot landsdekkande, frivillige organisasjonar som fortløpande arbeider med artskartlegging, flora, fauna og fungi.

Artsdatabanken vil framover leggja stor vekt på kvalitet i dataene.

Tilskotet er retta inn mot tiltak som:

1. fremjar god og auka bruk av rapportssystemet
2. koordinerer frivillig kartlegging av arter
3. sikrar god dialog mellom brukarane, dei frivillige fagmiljøa og Artsdatabanken
4. sikrar god kvalitet på artsfunna, med spesielt fokus på raudlistearter, fremmande arter og andre forvaltningsrelevante arter
5. fremjar vidareutvikling av Artsobservasjoner

Utlysinga av tilskotsmidler gjeld perioden 2018-2020. Den økonomiske ramma for tilskotet i 2018 er på 4,5 mill. kr. For tildeling av tilskot for 2019 og 2020 tek Artsdatabanken atterhald om Stortinget sine vedtak om statsbudsjettet, tildelingsbrev frå Klima- og miljødepartementet og styrevedtak om budsjettet dei respektive åra. Tilskota vil utbetalast årleg på basis av rapportering og dialog med tilskotsmottakar. Dersom fleire organisasjonar samarbeider, vil vi ha ein felles søknad.

Artsdatabanken vil legge til grunn at ressursbruken er tilstrekkeleg på tiltak som fremjar kvalitet. I søknaden om tilskot skal det spesifiserast formål, omfang, utgiftstype, organisering og bemanning med kompetanse på kvar tiltakstype. Søknaden må også dokumentere fordeling på artsgrupper, fordelinga må stå i eit rimeleg høve til rapporteringsvolumet i Artsobservasjoner og arbeidsomfanget. Dersom fleire organisasjonar samarbeider om søknaden og gjennomføringa av tiltaka, skal dette samarbeidet gå fram av søknaden. Søknaden skal innehalde eit detaljert budsjett der alle budsjettposter er forklart og behova er grunngjeve. Artsdatabanken understreker at tildeling av tilskot føreset at tilskotsmottakar bidrar med ein eigeninnsats i arbeidet. Verdien på eigeninnsatsen skal estimerast og gjerast synleg i søknaden med oppdeling på tiltakstype.



ARTSDATABANKEN

Sidan Artsdatabanken er ein fagleg uavhengig etat under Klima- og miljødepartementet er det ein føresetnad at den/dei organisasjonane som gjennomfører tiltaka klargjer si rolle i høve til Artsdatabanken som systemeigar ovanfor 3. partar. Artsdatabanken må inngå GDPR-avtale om personvernreglar med tilskotsmottakar.

Fristen for å søkje om tilskot til formålet er 13. august 2018. Kontaktpersonar er Toril Loennechen Moen, toril.moen@artsdatabanken.no i veke 30 og Nils Valland, nils.valland@artsdatabanken.no i veke 32. Når søknadene er ferdighandsama vil mottakar få eit tilskotsbrev der vilkåra for tilskotet er spesifisert.